



Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 22.11.2018
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl. 15.00 – kl. 16.45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Låstad		Medlem
Knut Tormod Bruvik		Medlem
Kåre Hagebø		Utvalseiar
Åse Olsnes		Nestleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Atle Eide		Medlem
Vidar Pedersen		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, sektorleiar for helse- omsorg og sosial og utvalssekretæren.

Sakliste

Saknr	Tittel
016/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/18	Godkjenning av møtebok
018/18	Referatsaker og meldingar
019/18	Budsjett 2019 - framlegg til drifts og investeringsbudsjett

016/18: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

22.11.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

RFF - 016/18 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

017/18: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 06.06.18 vert godkjend.

22.11.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå møtet 06.06.2018.

RFF - 017/18 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 06.06.18 vert godkjend.

018/18: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

22.11.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

RFF - 018/18 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

019/18: Budsjett 2019 - framlegg til drifts og investeringsbudsjett

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Budsjett for 2019 med investeringsplan 2019 til 2022 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettdokument og hovudoversikter, oog med slike driftsrammer for 2018:

* Dette er mva-utgift. Den motsvarast av tilsvarande inntekt (mva-kompensasjon) på Sentrale postar.

* Dette er mva-utgift. Den motsvarast av tilsvarande inntekt (mva-kompensasjon) på Sentrale postar.

Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 3 % frå 01.01.19 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.

Føresegner for tømning av slamavskiljarar, tette tankar m.v. for Osterøy kommune vert, i medhald av Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(Forureinsingslova) § 26, 3. ledd, § 30, 2. og 3. ledd og §34, endra i tråd med vedlagde framlegg datert 13.11.2018, gjeldande frå 01.01.2019.

Med verknad frå 01.01.2019 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2019»

Gebysatsane for tekniske forvaltningstenester vert endra/fastsett frå 1.1.19 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2019 Plan-teknisk forvaltning - framlegg».

Renovasjonsgebyr.

Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning.

Prisen på renovasjonstenesta for 2019 vert sett ned med 0,5 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 12.

Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2018.

Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).

Betalingsatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik:

Mindre enn 9 timar veke	kr.1 395 (uendra)
9-15 timar veke	kr.1 695 (uendra)
Meir enn 15 timar veke	kr.1 995 (uendra)

Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 300 pr år (uendra).

Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2019 frå helse- og omsorgsdepartementet.

Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2019 vert kr 70,4 millionar, herav sjølvkostlån kr 23,4 millionar.

Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 8 millionar.

Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2019.

Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).

Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,15 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.

Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.

Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre

Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.

Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjетtrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.

Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.

Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.

Budsjетtramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 5,4 millionar inkl kommunal tenesteyting.

21.11.2018 FORMANNSKAPET

Økonomisjefen møtte i saka. Sektorleiar helse, omsorg og sosial møtte for å svara på spørsmål kring foreslåtte innsparingstiltak.

Følgjande dokument vart delte ut til møtet:

FAU og SU ved Osterøy ungdomsskule - innspel til skulebudsjettet

Osterøy Fysioterapi DA - uttale til budsjетtframlegget

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.20 - kl. 15.30 med gruppemøte for AP og V og for FRP.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.30 - kl. 15.40 med gruppemøte for FRP, MDG, H og AP

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt framlegg på vegner av V, KRF, AP, H, KRF og SP: "Formannskapet legg rådmannen sitt driftsbudsjett til grunn, med desse endringane.:

Midlar vert teke frå disposisjonsfondet, og fordelt slik:

Kjøken på Osterøytunet: 725.000,-
Driftstilskot til fysioterapi 181.000,-
Vikarar barnehage 500.000,-
Båtrute i Osterfjorden 276.250,-

Når det gjeld budsjettet sine konsekvensar for Helse og omsorg, viser Formannskapet til forslag til tiltak i investeringsbudsjettet, knytt til etablering av omsorg+. Dette er i samsvar med plan for endring i omsorgssektoren."

Ordføraren gjorde slikt fellesframlegg: "Det vert løyvd inntil 5 millionar kroner over ein periode på tre år (frå 2019) til etablering av arena for næringsutvikling. Midlar vert henta frå tidlegare avsetning til nærings- og utviklingsfond (H-sak 058/18).

Som del av denne ramma skal det etablerast og driftast ein frivilligsentral.

Tiltaka er tenkt samlokalisert i bankbygget i Lonevåg.

Det vert sett ned ein komite for snarleg å setja rammer tiltaket. Komiteen skal vera samansett av representantar frå administrasjonen og formannskapet.

Tiltaka skal evaluerast etter 2 år."

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg til budsjett vert vedteke som framlagt, med følgjande endringar.

-avdeling og kjøkkendrifta på sjukeheimen vert oppretthalde. Fysioterapiheimel vert og oppretthalde som idag (181000). Inndekning til dette vert som generelt nedrekk i sektoren.

Eigedomsskatten vert som idag. Differansen i rådmannen sitt framlegg vert å dekke med fondsmidlar. Den kommunale drifta må nedjusterast tilsvarende gjennom driftsåret 2019, slik at det ikkje vert naudsynt å nytte fondsmidlar eller eigedomsskatt over 3,15 promille i året 2020. Ytterlegare endringar kan komme."

Investeringsbudsjettet:

Ordføraren, gjorde slikt fellesframlegg: "Det vert sett av kr 2 mill. til infrastrukturbygging."

Verbalforslag

Ordføraren gjorde slikt framlegg: "Klima og miljøtiltak:

1. *Kjeldesortering*: Osterøy kommune innfører kjeldesortering i heile si verksemd innanfor tilbodet av fraksjonar til vår avtalepart, BIR Bedrift. Eksempel på fraksjonar er papir, plast, metall, glas, batteri, m.fl. Det skal og på sikt leggest til rette god handtering av biologisk avfall (t.d. gjennom kompostering).

2. *Medlemskap, Klimapartner*:

Klimapartner er eit nettverk av verksemder og kommunar – som gjennom målretta og praktisk arbeid inspirerar, utfordrar og gjev råd om korleis kommunane kan gjera gode prioriteringar og val i eiga verksemd. Osterøy har vore invitert «observatør» siste året (ordføraren) og er invitert, saman med Os og Voss å vera med som nye medlem i 2019 (frå før er Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune medlem i nettverket)."

3. *Kommunale kjøretøy*:

Alle nye kjøretøy i kommunen skal vera nullutslepp. Om det kan sannsynleggjerast at bruk av nullutslepp-kjøretøy aukar negative konsekvensar for helse og tryggleik i samband med løysing av kommunale oppgåver / oppdrag, skal fossile kjøretøy vurderast. Det skal leggjast til rette for ein ladeinfrastruktur som sikrar tenleg bruk av kommunale nullutslepp kjøretøy.

AVRØYSTING - driftsbudsjettet

Alternativ avrøysting

Fellesframlegget frå V/KRF/AP/MDG/H/SP - 7 røyster (1V/1KRF,2AP,1MDG,1H,1SP)
Alf T. Mortensen sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

Fellesframlegg utviklingsarena - samrøystes tilrådd

Investeringsbudsjettet

Fellesframlegg infrastruktur - samrøystes tilrådd

Verbalframlegg

Verbalframlegg kommunale bilar - tilrådd med 7 røyster
(1KRF,2AP,1MDG,1H,1SP,1V)
mot 2 røyster (2FRP)

Verbalframlegg kjeldesortering - samrøystes tilrådd

Verbalframlegg medlemskap - samrøystes tilrådd

FS - 119/18 VEDTAK:

Innstilling til vedtak i heradsstyret:

"Formannskapet legg rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett til grunn, med desse endringane.:

Midlar vert teke frå disposisjonsfondet, og fordelt slik:

Kjøken på Osterøytunet: 725.000,-

Driftstilskot til fysioterapi 181.000,-

Vikarar barnehage 500.000,-

Båtrute i Osterfjorden 276.250,-

Når det gjeld budsjettet sine konsekvensar for Helse og omsorg, viser Formannskapet til forslag til tiltak i investeringsbudsjettet, knytt til etablering av omsorg+. Dette er i samsvar med plan for endring i omsorgssektoren.

Det vert løyvd inntil 5 millionar kroner over ein periode på tre år (frå 2019) til etablering av arena for næringsutvikling. Midlar vert henta frå tidlegare avsetning til nærings- og utviklingsfond (H-sak 058/18).

Som del av denne ramma skal det etablerast og driftast ein frivilligsentral.

Tiltaka er tenkt samlokalisert i bankbygget i Lonevåg.

Det vert sett ned ein komite for snarleg å setja rammer tiltaket. Komiteen skal vera samansett av representantar frå adminstrasjonen og formannskapet.

Tiltaka skal evaluerast etter 2 år.

Investeringsbudsjettet tillegg til rådmannen sitt framlegg

Det vert sett av kr 2 mill. til infrastrukturutbygging."

Verbalframlegg:

"Klima og miljøtiltak:

1. *Kjeldesortering:* Osterøy kommune innfører kjeldesortering i heile si verksemd innanfor tilbodet av fraksjonar til vår avtalepart, BIR Bedrift. Eksempel på fraksjonar er papir, plast, metall, glas,

batteri, m.fl. Det skal og på sikt leggjast til rette god handtering av biologisk avfall (t.d. gjennom kompostering).

2. Medlemskap, Klimapartner:

Klimapartner er eit nettverk av verksemder og kommunar – som gjennom målretta og praktisk arbeid inspirerar, utfordrar og gjev råd om korleis kommunane kan gjera gode prioriteringar og val i eiga verksem. Osterøy har vore invitert «observatør» siste året (ordføraren) og er invitert, saman med Os og Voss å vera med som nye medlem i 2019 (frå før er Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune medlem i nettverket).

3. Kommunale kjøretøy:

Alle nye kjøretøy i kommunen skal vera nullutslepp. Om det kan sannsynleggjerast at bruk av nullutslepp-kjøretøy aukar negative konsekvensar for helse og tryggleik i samband med løysing av kommunale oppgåver / oppdrag, skal fossile kjøretøy vurderast. Det skal leggjast til rette for ein ladeinfrastruktur som sikrar tenleg bruk av kommunale nullutslepp kjøretøy."

22.11.2018 ELDRERÅDET

I saka møtte rådmannen for å presentere førebels framlegg til drifts- og investeringsbudsjett for 2019. Sektorleiar for helse- omsorg og sosial møtte i saka for å svare på spørsmål.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka. Saka vart teken til orientering.

ELD - 021/18 VEDTAK:

Saka vert teken til orientering.

22.11.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

I saka møtte rådmannen for å presentere førebels framlegg til drifts- og investeringsbudsjett for 2019. Sektorleiar for helse- omsorg og sosial møtte i saka for å svare på spørsmål.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka. Saka vart teken til orientering.

RFF - 019/18 VEDTAK:

Saka vert teken til orientering.

Andre saker/ spørsmål

Møteplan

For neste halvår skal utvalssekretæren lage ein møteplan for komande møter i rådet. Møteplanen skal sendast ut til alle medlem av rådet når den er ferdig. Fyrste møte skal haldast i februar.

Familiens hus

I fyrstkomande møte skal rådet få meir informasjon om utforminga av det nye bygget for Familiens hus. Utvalssekretæren skal også undersøke om det er mogleg å få omvising i dette bygget for medlemmene i rådet.

Parkering for handikappa på Valestrand

Rådet spør om når parkeringsplassane for handikappa på Valestrand skal verte klare. Utvalssekretæren skal undersøke saka.

Til å skrive under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart Knut Tormod Bruvik og Åse Olsnes valde.

Lonevåg, 23.11.18

Marie Koksvik Thorsen
utvalssekretær

Kåre Hagebø
utvalsleiar

Knut Tormod Bruvik

Åse Olsnes